



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

Store Ring 53
4365 NÆRBØ

Tlf: 51436210

Kirkerådet
p.b. 5913, Majorstua
0308 OSLO

12.05.2015

Vår sakhandsamar: son
Vår ref.: 14/00061-003
Arkivkode: 002.0

Høyringssvar vegval

Hå kyrkjelege fellesråd har behandla høyrinssaka i sitt møte den 06.05.15 sak 11/15
Fellesrådet vil kome med dette uttalen:

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Hå kyrkjelege fellesråd sende 23.11.2012 inn ein uttale til eit refleksjonsdokument frå Kyrkjerådet som omhandla dei same problemstillingane som nå er gjenstand for ein høyringsrunde. Det vil derfor vera naturleg å ta utgangspunkt i dei svara fellesrådet sende inn den gongen. Det er også viktig å basera uttalen vår på det som er grunnlagsvedtaket når det gjeld ny kyrkjeordning, nemleg frå Kyrkjemøtet i 2005, då det blei vedtatt at ein i den nye kyrkjeordninga skal

- 1) ha felles arbeidsgjevaransvar (ei linje)
- 2) utforma eit organ på mellomnivået som balanserer den lokale tilhørighet med moglegheit for strategisk samordning og forvaltningsmessig kompetanse.

I tillegg meiner Hå kyrkjelege fellesråd at kommunereforma som pågår vil ha stor innverknad på vår framtidige kyrkjestruktur. 2/3 av alle inntektene til Den norske kyrkje (Dnk) på landsbasis kjem som rammeoverføringer frå kommunane. Me meiner at kommunalt ansvar for kyrkjeøkonomien er noko som bør vidareførast. Dette er med på å skapa legitimitet og engasjement for kyrkja lokalt, i tillegg til å byggja opp om Den norske kyrkje som ei folkekirkje.

Som ein generell betrakting til høyringsnotatet vil Hå kyrkjelege fellesråd uttrykka overrasking over at Kyrkjerådet i svært liten grad har tatt omsyn til dei innspela som kom inn i refleksjonsrunden hausten 2012. Blant anna gjeld dette spørsmålet om kva organ ein ser føre seg på mellomnivået. Ut frå innspela i refleksjonsrunden var det kun nokre få som ønskte at mellomorganet skulle leggjast på bispedømmenivå. Når det likevel er slik at eit fleirtal i kyrkjerådet går inn for å nytta nettopp bispedømmenivået som "mellomorgan", og legg det til grunn i høyringsnotatet, er det altså på tvers av ønsket til eit stort fleirtal blant sokneråd, fellesråd og andre høyringsinstansar.



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

Me er også overraska over at det ikkje er spurt om korleis me skal ta vare på kyrkjebygga våre og kunstskattane dei rommar. Over 1000 av ca 1620 kyrkjer i landet er anten freda, verna eller listeførte. Her må det statleg finansiering til, samt ein plan for kva for kyrkjebygg ein skal ta vare på for framtida. Pålegg og føringar for bevaring av desse kyrkjebyggja må følges av økonomiske forpliktingar frå det offentlege.

Det vil vera svært uheldig om kyrkjerådet nok ein gong ser bort frå kva høyringsinstansane meiner. Kyrkjelivet blir levd lokalt, det er her ein har visjonar og strategiar og ikkje minst mykje engasjement. Samstundes ser ein og utfordringane lokalt og kan ta tak i desse.

Hå kyrkjelege fellesråd er opptatt av å ha ein nasjonal struktur i Den norske kyrkje, som kan ivareta einskapen, den læremessige kontinuiteten og den lange, nasjonale tradisjonen som kyrkja har her i landet. Me ønskjer sterke lokale kyrkjelydar der sokna fortset som eige rettssubjekt. Me må og vera vakne for ikkje å få ei kyrkje som ikkje har nokre formelle band til det kyrkjelege fellesskapet vi står i (kongregasjonalistisk kyrkje). Me ønskjer samstundes eit sentralt rettssubjekt og felles, nasjonal identitet, men ikkje ei prest- og biskopeleg styrt kyrkje (episkopal kyrkje). I dette spennet, mellom det episkopale og kongregasjonalistiske, må me finna robuste og framtidssrette løysingar som gjer oss i stand til å vidareføra oppdraget som me fekk for over 2000 år sidan.

Ved behandling i fellesrådet var rådet delt i to. Fleirtalet på 5 gjekk inn for å samle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i kyrkja i fellesrådet. Mindretalet på 3 ynskjer å behalde to arbeidsgjevarliner, som i dag.

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar:

JA

- Me meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd, tilsvarande ein ny kommunestruktur, for utøving av arbeidsgivaransvar for tilsette i kyrkja. Ein må og ha ei profesjonell ivaretaking av gravferdsforvaltninga, kyrkjebygga og det som høyrer inn under Kyrkjelova §14.
- Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at den lokale kyrkjelyden får ein reell påverknadsmøglegheit i si eiga, strategiske utvikling, si økonomiske forvaltning og i



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

tilsetjingssaker

- Soknet som kyrkja sin grunneining og Grunnlova sin forventning om ei landsdekkjande folkekirkje, tilseier at Kyrkjelova må innehalde ei bestemming om at soknet skal vera ein sjølvstendig, juridisk eining.
- Me meiner at så lenge kyrkja sin økonomi først og fremst kjem frå kommunale løyvingar, er samspelet mellom fellesrådet og kommunen heilt avgjerande.
- Me meiner det er viktig med nærliek, relasjon og god kommunikasjon mellom kyrkja og kommunen. Dette er avgjerande viktig i forbindelse med finansiering av kyrkja (gjennom direkte tilskot og tenesteytingsavtalar), men også i mange samanhengar som ikkje handlar om økonomi.
Derfor meiner me at me treng eit representativt og profesjonelt organ som talar kyrkja si sak direkte til kommunen sine politikarar og administrasjon. Dette vil også vera ei stadfesting og styrking av folkekirkjetradisjonen.
- I høyringssvara til NOU 2013:1, *Det livssynsåpne samfunn*, gir over 90% av de kyrkjelege instansane uttrykk for at gravferdsforvaltninga også i framtida bør forvaltast av kyrkja. I vår framtidige organisering av folkekirkja må me derfor syta for at me har organ som kan ivareta denne forvaltninga på ein minst like god måte som i dag.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

JA

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja fell bort (ca 2/3 frå kommunane og 1/3 frå stat) eller blir vesentleg redusert, vil folkekirkja endre karakter. Ei vesentleg endring av finansieringa av kyrkja gjer det tvilsamt om ein vil kunna fortsetja som ei landsdekkjande folkekirkje.

Fell staten si overføring bort, vil ein kunna enda opp med ei lokal sjølvstyrт (kongregasjonalistisk) kyrkje der ein i enkelte strøk vil klara seg, medan andre vil kunna forsvinna. Og fell det kommunale ansvaret bort, vil ein kunna få ei toppfinansiert – og toppstyrt – kyrkje som bryt med prinsippet om det allmenne prestedømet og den rike folkekirkjetradisjonen me står i.

For Hå kyrkjelege fellesråd er det viktig at løyvingane til det kyrkjelege arbeidet må nå heilt fram til grasrota.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Kombinasjon av offentleg finansiering og lokalt innkravd medlemsavgift kan vera eit alternativ.

Uansett finansieringsordning, så ser me at dei offentlege midlane ikkje strekk til i høve til å tilfredsstilla kyrkjelydane sine ynskje. Me ser det difor som svært naudsynt at Kyrkjemøtet og kyrkjerådet må leggja til rette for ei bevisst og styrka



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

satsing av gjevarteneste i kyrkjelydane. Då er og skattefrådraget viktig å halde fram med.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:

Dersom det blir oppretta nye, sterke fellesråd parallelt med ein ny kommunestruktur, vil ein kunna redusere antal fellesråd til det same som ein har kommunar.

Dersom arbeidsgjevaransvaret blir lagt til fellesrådet, vil ein i prinsippet kunne begrensa seg til tre nivå i kyrkja: kyrkjemøte – fellesråd – sokneråd.

Me vurderer det slik at ein ikkje treng noko bispedømmenivå som eige forvaltningsorgan. Dei oppgåvane som ligg der kan ivaretakast av dei nye og større fellesråda.

Mindretalet på 3 meiner:

Arbeidsgivaransvaret for alle utanom sokneprestane i sokna, må leggjast til fellesråda. Bispedømerådet bør ha tilsetjing og arbeidsgivaransvaret for sokneprestane. Dette er ei ordning vi har hatt i lengre tid og ho har fungert godt. Ut frå sokneprestane sin sentrale rolle og plass i den norske kyrkja, vil bispedømerådet ha ein breiare teologisk kompetanse og kunna sjå tilsetting av prestar i ein større fagleg og geografisk samanheng. Dette vil det vera vanskeleg å ivareta i mindre fellesråd. Ved tilsetting av sokneprestane må likevel soknerådet/fellesrådet få verta hørde og ha klar innflytelse ved tilsetting av sokneprest.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Sokna må fortrinnsvis vera store nok til at det kan etablerast store nok stabsfellesskap til at det kan tilsetjast dagleg leiar. Følgjeleg må ein sjå på samanslåing av sokn dei stadene i landet der det er naturleg. Robuste sokneiningar er også viktig for å rekruttera og ivareta frivillige som gjer teneste i kyrkjelydane.

Samstundes må ein ta omsyn til geografi og historie ved eventuell justering av soknegrenser.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

JA

Refleksjonsprosessen i 2012 viste at dei fleste sokne- og fellesråda i Norge er nøgde med dagens system med to organ. Det valde soknerådet får i denne ordninga konsentrera seg om Kyrkjelovas §9 der nærleik og evne til lokal tilpassing er viktig, mens andre oppgåver med krav om spesialkompetanse på



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

ulike fagfelt (gravferdsforvaltning, kyrkjebyggforvaltning, personalavdeling, økonomiforvaltning m.m.) kan overlatast til fellesrådet.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

På kommunenivå.

Alternativt kan vera på justert prostinivå/felles for fleire kommunar dersom fellesråda vert for små til at ein får robuste forvaltningseininger.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

Jf svar på spørsmål 1. Soknerådet må sikrast reell innflytelse på eiga verksemد både når det gjeld ansvar i den strategiske utviklinga av kyrkjelyden, større moglegheit til å påverke kven som blir tilsett og økonomisk handlefridom. Her må ein også ha klare avgrensingar for ansvarsområda.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

JA, men dei ulike tenesteordningane må gjelda.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Sokna bør fortrinnsvis vera store nok til at ein kan tilsetja sin eigen daglege leiar.

Soknepresten bør ha den teologiske ledelsen av soknet.

Presten har eit ansvar for å forkynne Guds ord og forvalte sakramenta, og må få lov til å vera prest og unngå å bli fanga av for mange administrative leiaroppgåver.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Biskopen si rolle skal vera

- ein tydeleg visjonsbærer for alle tilsette, for frivillige så vel som for rådsmedlemmer
- ein som kan gi oss ny frimod, ny stolthet og ny energi i vårt kyrkjelege arbeid
- Biskopen må fortsatt sikrast ei sentral rolle i samband med tilsetjingar av vigsla personar
- Biskopen har tilsyn med kyrkjelydane og alle tilsette medarbeidarar i bispedømmet
- Biskopen inngår i bispemøtet som førebur teologiske avklaringar til Kyrkjemøtet
- Biskopen må tilleggjast myndighet gjennom sitt tilsynsansvar
-



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Me meiner biskopen fortsatt må sikrast ei sentral rolle i samband med tilsetjingar utan å vera arbeidsgjever.

Me meiner biskopen sitt tilsyn må gjelda alle instansar i bispedømmet som har eit arbeidsgjevaransvar, - og at tilsynet omfattar alle stillingskategoriar.

Biskopen ordinerer til presteteneste.

For å ivareta tilsynsansvaret skal biskopen vera uhilda i alle saker, ikkje berre gi råd og rettleiing, men også pålegg. (jfr. Andre tilsynsmyndigheter som t.d. Mattilsynet, Arbeidstilsynet osv.). Det er viktig at kyrkjerådet er klageorgan i slike tilsynssaker. Forordning av gudstenester er nært knytt til biskopen sitt tilsynsansvar med sokna. Det er biskopen sitt ansvar å sjå til at dei grunnleggjande kyrkjelege tenestene blir ivaretatt.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:

Etter vårt syn er ikkje bispedømmerådet som valt, demokratisk organ naudsynt og bør difor avviklast.

Mindretalet på 3 meiner:

Bispedømmerådet bør oppretthaldast som eit rådgivande organ og ha nokolunde dei same oppgåvene som i dag, m.a. ansvar for tilsetjing av sokneprestar – jmf. svar på sp. 4 og 15.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:

I utgangspunktet ingen.

Skal bispedømmerådet likevel forbli eit demokratisk valt organ, bør rådets oppgaver

begrenses til å være rådgjevande organ for biskopen, initiere og lede strategisk arbeid i

bispedømmet, ivareta noen faglige støttefunksjoner samt tilsette de ansatte som ikke har

soknet som arbeidsgjever.



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

Mindretallet på 3 meiner:

Bispedømmerådet må vera eit demokratisk valt organ og vera eit: rådgjevande organ for biskopen
initiere og leia det strategiske arbeidet i bispedømmet
ivareta faglege støttefunksjonar for tilsett i sokna og for sokneråda
tilsetja dei som ikkje har soknet som arbeidsgjevar.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:

JA.

Jfr. svar på spørsmål 1. Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at det blir etablert ei ordning kor kyrkja sine omfattande tenester i ord og handling blir vidareførte under eit felles og heilskapeleg ansvar med felles mål, felles strategi og felles forplikting for alle tilsette.

- Me meiner at det må oppretta eit nytt fellesråd på nivå med en ny kommunestruktur, for ivaretaking av arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja innafor sitt område.
- Eit av fleire argument for at fellesrådet skal vera arbeidsgivar, er at me meiner kommunen framleis skal finansiera dei fleste av lokalkyrkja sine tilsette. Me trur det er ein reell fare for at kommunane sitt kyrkjelege engasjement vil bli svekka dersom arbeidsgjevaransvaret skal liggja på bispedømmenivå.
- Eit anna argument er at høyringa legg opp til at soknet skal ha arbeidsgjevar ansvaret for dei tilsette som er tilsett av soknet, dvs på innsamla midlar. I mange tilfeller ligg dette ansvaret hos fellesrådet i dag, og det bør det og gjere i framtida.

Mindretallet på 3 meiner:

- Jfr svar på spørsmål 4. Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at det blir etablert ei ordning kor kyrkja sine omfattande tenester i ord og handling blir vidareførte under eit felles og heilskapeleg ansvar med felles mål, felles strategi og felles forplikting.
- Eit av fleire argument for at fellesrådet skal vera arbeidsgivar, er at me meiner kommunen framleis skal finansiera dei fleste av lokalkyrkja sine tilsette. Me trur det er ein reell fare for at kommunane sitt kyrkjelege engasjement vil bli svekka dersom arbeidsgjevaransvaret for alle skal liggja på bispedømmenivå

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

Arbeidsgjeveransvaret må liggja i fellesrådet som opptrer på vegne av soknet i slike saker som dette.

Staben på bispedømmekontoret må tilsetjast av kyrkjerådet.

Mindretallet på 3 meiner:

Arbeidsgjeveransvaret for alle utenom soknepresten må liggja i fellesrådet som opptrer på vegne av soknet i slike saker som dette.

Staben på bispedømmekontoret må tilsetjast av bispedømerådet.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I svært liten grad. Dersom kommunereforma nokre stader ikkje endar opp i kommunestorleikar som gir robuste nok fellesråd, bør det vera mogleg å samarbeida over kommunegrenser (vertsfellesrådsmodell, prostimodell el.l.)

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar:

Ved at prosten har eit fagleg leiaransvar for prestetenesta i prostiet og ei vegglearolle for andre funksjonar som omfattar forkynnning og opplæring

Prosten har det avgjerande ordet når det gjeld det pastorale leiarskapet i kyrkjelydane, - innan dei (økonomiske) rammer som fellesrådet har fastsett. Tenesteordningar o.l. vil også vera med på å sikre den enkelte sin faglege sjølvstendighet og integritet.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kyrkjemøtets rolle i kirken?

Svar:

Kyrkjemøtet skal vera det øvste valte organet i kyrkja.

Kyrkjemøtet skal foreta strategiske tenkingar og legge til rette for at kyrkjelydane får gode vilkår og fridom til å drive kyrkjelydsarbeidet.

Kyrkjemøtet skal fordela økonomiske ressursar.

Kyrkjemøtet må dessutan i større grad ta omsyn til kven som skal betale rekninga når det gjer vedtak med økonomiske konsekvensar.

Kyrkjemøtet skal fastsetje liturgiar.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kyrkjemøtet skal settes sammen?

Svar:

Ein må ta omsyn til ønsket i demokratireform om direkte val til Kyrkjemøtet. Men etter vårt syn kan det best ivaretakast ved at ein får ein gjennomgående representasjon frå kyrkjelydane til fellesråda til kyrkjemøtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

Valet til kyrkjemøtet kan såleis leggjast til alle fellesråda. Desse vel dei representantane som skal til kyrkjemøtet av medlemmar av fellesråd og sokneråd innan bispedømet.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kyrkjemøtet og Kirkerådet?

Svar

Bispemøtet kan i større grad enn i dag være saksførebuar for Kyrkjemøtet, særleg når det gjeld teologiske avklaringer og endring av kurs for Dnk (visjonsarbeid).

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Fleirtalet på 5 meiner:

Biskopane bør organisatorisk bli leia av ein preses. Både biskop m/stab og preses m/stab bør tenestemessig vera tilsett av Kyrkjerådet. Biskopane må saman koma fram til felles kjøreregler i prosedyrespørsmål, regelverk m.m., men teologisk må kvar biskop ha full fridom (jfr. prinsippet om det allmenne prestedømmet).

Mindretalet på 3 meiner:

Biskopane bør organisatorisk bli leia av ein preses. Biskopane må saman koma fram til felles kjøreregler i prosedyrespørsmål, regelverk m.m., men teologisk må kvar biskop ha full fridom (jfr. prinsippet om det allmenne prestedømmet).

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet bør ha representantar frå alle bispedøma og som i andre styresamanhangar stå ansvarleg ovanfor Kyrkjemøtet.

25 Bør ordningen med en egen lerenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Me stiller oss tvilande til om ordninga med lerenemnd bør vidareførast. Me meiner det vil vera naturleg at bispemøtet er saksførebuar når det gjeld lærespørsmål, og at teologiske avklaringar blir lagt fram for kyrkjemøtet for avgjersle (jf. prinsippet om det allmenne prestedømmet).



DEN NORSKE KYRKJA

Hå kyrkjelege fellesråd

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

Venleg helsing

Svein Helge Harbo
Leiar



Svein Olav Nesse
Kyrkjeverge